



Rune Veland
Stranda 900
5993 ØSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3789 - 18/37860

Saksbehandlar:
Chadi Badra
chadi.badra@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2018

Landbrukssak GBNR 10/5 Rødland - Søknad om dispensasjon frå gjødselplan

Eigedom: Gnr.10 bnr.5
Adresse for eigedom.: Stranda 900, 5993 Østereidet
Type tiltak: Fritak frå krav om gjødselplan
Søker: Rune Veland

Saka gjeld:

Det er krav om gyldig gjødselplan for å kunne søkje om og motta produksjonstilskott i landbruket. Søker meiner han driv so ekstensivt at han ikkje treng gjødselplan. Forskrift om gjødselplan §5 opnar for at kommunen kan gje dispensasjon frå kravet om gjødselplan. Grunnlaget for å gje dispensasjon er svak gjødsling og få dyr i svært ekstensiv drift.

Grunnlag:

Gnr. 10 bnr.5 har 17da slåtteland og 36 da innmarksbeite. Driftsforma er sau som beitar ute heile året. Vinterhalvåret står dei inne om natta.
Det vert kjøpt inn 500kg kalksalpeter. Det vert ikkje spreidd husdyrgjødsel på innmarka anna enn det sauene legg att. Anna gjødsel vert delt ut til hageeigarar.
Det er 23 vinterfora sau i drifta. Innkjøpt gjødsel vert nytta på 17 da.

Vurdering:

Gjødseldyreiningar er $23:7 = 3,2$ gde.
Innkjøpt fullgjødsel tilsvare 4,4kg N, 0 kg P og 0 kg K pr.da.
Normgjødsel for driftsforma vert sett til om lag 11 kg. N.
Det ligg ikkje føre jordprøver som kan seie noko om tilstanden i jorda.

Konklusjon:

Spreiearealet på bruket er lite, og innkjøpt mengde fullgjødsel gjev ei gjødsling som er mykje lågare enn normgjødsel.
På denne bakgrunnen meiner landbrukskontoret søker kan få fritak frå kravet om gjødselplan.



Vedtak:

Med heimel i forskrift om gjødselplanlegging §5 gjev Lindås kommune Rune Veland fritak frå kravet om gjødselplan.

Vedtaket er gyldig i 5 år. Til og med 2023.

Om dyretal eller innkjøpt gjødsel endrar seg fell løyvet vekk.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Chadi Badra
rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Veland

Stranda 900

5993

OSTEREIDET